

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	22.10.2007		HVA

Avgjerslemynde: Kommunestyret Sakshandsamar: Helge Vallestad	Arkiv: K2-A10 - F:BARNEHAGE, FAMILIEBARNEHAGE, BARNEPARK, ÅPEN BAR, K3-&13 Objekt:	Arkivsaknr 07/731
---	--	-----------------------------

HØYRING - FORMÅL FOR BARNEHAGEN OG OPPLÆRINGA

Dokumentliste:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	08.10.2007	Manger skule	Uttale til endring formålsparagraf
5	I	08.10.2007	Sæbø Barnehage	høyring formålsparagraf barnehagane frå Sæbø Barnehage
1	I	09.10.2007	Bø barnehage v/Vetaas	Høyringsuttale formålsparagrafen i barnehagelova
4	I	09.10.2007	Kunnskapsdepartementet	Høring - NOU 2007:6 Formål for framtida - Formål for barnehagen og opplæringen + pressemelding
3	I	10.10.2007	Austebø skule	Su-referat /med høyringar
7	I	10.10.2007	Prestmarka barnhage v/Rita V Amundsen	Høyring formålsparagraf
6	I	15.10.2007	Hordabø skulev/Inger M Ellingsen	Høyring formålsparagraf

Vedlegg i saka:

Dokumenta i saka.

NOU 2007: 6 - Formål for framtida

(http://www.regjeringen.no/Upload/KD/Hoeringsdok/2007/200703160/NOU_2007_6.pdf)

Saksutgreiing:

I juni 2006 sette Kunnskapsdepartementet ned eit utval som skulle vurdere formålsparagrafane i skule og barnehage. I mandatet til utvalet heiter det mellom anna:

”Områder for særleg gjennomgang

Samfunnets utvikling

En gjennomgang av formålet med opplæringen og formål for barnehagen skal vurdere behovet for oppdatering og modernisering for at formålet skal bygge på et bredt syn på utdanning tilpasset den internasjonalserte flerkulturelle virkeligheten med større mangfold, der majoritet og minoritet tilegner seg en sammensatt felleskultur.

Opplæringen og barnehagen skal ha som mål å kvalifisere barn og unge for et felles liv i et flerkulturelt samfunn. Gjennomgangen skal vurdere om dagens formål med opplæringen i tilstrekkelig grad gjenspeiler de krav til en integrerende sosialisering som dagens samfunn har behov for.

Det kristne verdigrunnlaget

Opplæring og barnehage har en sterk forankring i det kristne verdigrunnlaget og de ideer og tradisjoner samfunnet vårt bygger på. Dette kommer til uttrykk på ulike måter i formål for barnehagen, formålet for grunnskolen og formålet for videregående opplæring. Det er derfor grunn til å vurdere om formuleringene om

det kristne verdigrunnlaget i større grad bør sees i sammenheng, også i lys av nye utfordringer som dagens og fremtidens samfunn gir.....”

Utvalet var breitt samansett, med følgjande representantar:

Inga Bostad, utvalgsleder	Viserektor, Universitetet i Oslo
Eva Baumann	Rektor, Ila skole, Oslo
Erling Birkedal	Forsker, IKO–Kirkelig Pedagogisk Senter, Oslo
Tove Bull Professor,	Universitetet i Tromsø
Helga Haugland Byfuglien	Biskop, Borg bispedømme
Akhtar Chaudhry	Bystyrepolitiker, Oslo kommune
Dag Hareide	Rektor, Nansenskolen, Lillehammer
Anders Hornslien	Journalist, Roma
Ellen Inga Olavsdatter Hætta	Reindriftssjef, Kautokeino
Kristin Mile	Generalsekretær Human-Etisk Forbund, Oslo
Tore Renberg	Forfatter, Stavanger
Snorre Serigstad Valen	Politiker/musiker, Trondheim
Kamil Øzerk	Professor, Universitetet i Oslo
Henriette Sinding Aasen	Professor, Universitetet i Bergen

I juni 2007 la utvalet fram dette felles, omforeinte framlegget til ny formålsparagraf i barnehage og skule:

Barnehageloven § 1:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på respekt for menneskeverdet, på åndsfrihet, nestekjærighet, likeverd og solidaritet, slik disse grunnleggende verdiene kommer til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religioner og livssyn, og slik de er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på naturen og hverandre. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Opplæringsloven § 1-2:

Opplæringa i skole og lærebedrift skal opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt. Ho skal byggje på respekt for menneskeverdet, på åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet, slik desse grunnleggjande verdiane kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religionar og livssyn, og slik dei er forankra i menneskerettane. Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrang. Elevane skal lære å tenkje kritisk, handle etisk og ta økologisk ansvar. Dei skal ha medansvar og høve til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane med tillit og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast. Skolen skal samarbeide med heimen.

Framlegget har i haust vore på høyring til samarbeidsutvala i barnehagane og skulane. Alle barnehagane og Austebygd, Hordabø og Manger skule har vurdert framlegga. Alle sluttar seg til framlegga utan særlege merknader, med unntak av samarbeidsutvalet ved Austebygd skule, som sluttar seg til framlegget, men peikar på at:

”tilpassa opplæring som står så sentralt i det nye Kunnskapsløftet, likevel ikkje er tatt med i framlegget til ny formålsparagraf. Samarbeidsutvalet ønskjer difor å ta inn att og få vidareført formuleringa om tilpassa opplæring frå den gjeldande formålsparagrafen: ” Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten.”

Rådmannen vil peika på at utvalet kommenterer dette spørsmålet i kapittel 2.8.2 i utgreiinga si (NOU 2007: 6 - Formål for framtida) slik:

”Tilpasset opplæring

Femte ledd i gjeldende formålsparagraf dreier seg om tilpasset opplæring: Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten. I utvalgets forslag er ikkje dette videreført.

Utvalget mener tilpasset opplæring som prinsipp er like viktig som før, men tar hensyn til signaler om at dette skal omtales særskilt i opplæringsloven og ikke som del av formålet. I St.meld. nr. 16 sier Kunnskapsdepartementet at for å bidra til å tydeliggjøre prinsippet om tilpasset opplæring vil departementet i forbindelse med revisjonen av formålsparagrafen i opplæringsloven gjennomgå prinsippet om tilpasset opplæring og vurdere om det bør omtales særskilt og ikke som en del av lovens formålsparagraf”

Tilpassa opplæring er ikkje eit formål med opplæringa, men ein reiskap som skulen nyttar for å nå måla sine. Såleis bør prinsippet få eiga omtale i opplæringslova. Rådmannen sluttar seg til desse tankane og stør framlegget frå utvalet om nye formålsparagrafar i barnehage og skule.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sluttar seg til framlegga til ny formålsparagraf i barnehage og skule, slik dei er referert i saksutgreiinga..

Vedlegg

Samarbeidsutvala for Austebygd, Bø, Prestmarka og Sæbø slutta seg samrøystes til det nye framlegget om formålsparagraf for barnehagen.

Skulemiljøutvalet for Hordabø og Manger skular har ingen merknader til framlegget til ny formålsparagraf for opplæringa (skulen).

Skuleutvalet for Austebygd skule ynskte følgjande tillegg:

”Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten”.